

# **Styremøte i V.I.L**

## **Klubbhuset**

**02.09.2013**

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Ellisiv Valdal Jarvik, Yvonne Dale, Inge Sunde, Trond Håvoll, Kristi Linge Stakkestad, Liv Hanne Svensvik, Lars Thomas Bersås og Karianne Vestre Døving

### **Sak 1: Orientering frå gruppene**

- Trim: Jordmormarsjen hadde rekordstor deltaking i år. Fjelltrimmen har også hatt god oppslutnad.
- Fotball: Det var treningshelg den 16. august med god deltaking. Gutar 13 år har kome opp i 1. divisjon- kjempebra. Bana har blitt betre i løpet av sommaren og det har blitt jobba mykje for å få bana i betre stand.
- Langrenn: Barmarkstreningsa tek snart til og det blir treningshelg på Markane siste helga i september. Langrennsgruppa tok på deg eit oppdrag for filmgjengen og tente godt på det.
- Friidrett: Friidrettsgruppa har prøvd å ha trening rett etter skuletid, men oppmøtet har vore därleg.
- Informasjon frå Einar: Stian Høihjelle har teke kontakt med idrettslaget for å få i stand ein lett oppseieleg avtale med idrettslaget der lysløypa går på han sin grunn. Han er positiv til at løypa går på han sin grunn framtil det ligg føre andre planar for området.

Idrettslaget må ta kontakt med Arne Bjørn Aase for å oppklare problematikken kring grunnforhold og traseen til lysløypa.

Det finst ingen festeavtale på grunnen til klubbhuset. Leiar har skrive brev til Norddal kommune om å få det i orden. Kommunen må også stå ansvarleg for at det er vatn på klubbhuset.

## **Sak 2: Mefjellet-Opp og Olsok 2013**

Etter å ha evaluert desse to arrangementa set vi igjen med eit positivt inntrykk. Det er eit samla overskot på 120.000 kroner. Idrettslaget fekk 20.000 kr i gåvemidlar frå Sparebanken Møre. Hovudlaget sender delar av overskotet tilbake til gruppene. Vi ønskjer å halde fram med Olsok arrangement i framtida. Det er eit innarbeidd arrangement som trekkjer folk slik som det er lagt opp i dag. Det er likevel muleg å tenkje nytt og i andre retningar, men ein må ha nok folk for å kunne gjennomføre det (frivilligkeitssentralen) Når det gjeld Mefjellet-O8Upp var det lite lokal deltaking i konkurranseklassen. Fristen for å melde seg på NM i motbakkeløp er 31. desember

Langrennsgruppa stilte spørsmål om dei kunne sete igjen med litt meir pengar frå Olsok arrangementet. Langrennsgruppa slit økonomisk. Det kom forslag om å gi støtte til trakkemaskin som ein måte å støtte langrennsgruppa på, og leiar foreslo at langrennsgruppa også kan kome med ein søknad om å få ettergitt eit lån på 20.000 kr som dei har fått av Hovudlaget.

Fordelinga til gruppene blir slik:

- Langrenn: 20.000 kr
- Fotball: 20.000 kr
- Trim: 7.500 kr
- Friidrett: 7.500 kr

## **Sak 3: Arbeid på klubbhuset**

Kenneth Hovden kan legge fliser i gang, men kan ikkje ta på seg å byggje utbygget på oppsida av klubbhuset. Det var einigheit om å prøve å leige nokon til å gjere jobben framfor å gjere det på dugnad. Idrettslaget tek kontakt med Bygdeservice eller Anders Gjerde/ Håkon Myklebust for å høyre om nokon av dei kan ta på seg jobben.

## **Sak 4: Vaktmeister på klubbhuset**

Anders Rem har sagt han er interessert i å ta på seg jobben. Det stiller styret seg positiv til. Vaktmeisteren skal melde inn til styre om noko må utbetrast. Vaktmeisteren brukar same timeliste som vaskar. Når det gjeld innkjøp av utstyr og det ein elles treng, er det greitt å støtte lokale bedrifter så langt som råd.

Kontrakt: Det er ein tilsettingsperiode på 1 år. Tidsbruken er 50 timer i året, og dersom det er større oppgåver må det kome i tillegg og avtalast med styret. Timelønna er 200 kroner.

## **Sak 5: Treningstider samfunnshus**

Søknadsfristen for hausten er 10. september. Langrennsgruppa vil ha torsdags kveldar. Einar vil samle inn frå gruppene og sende inn

## **Sak 6: Opning av Langereiten Stadion**

Det er opning av Langereiten stadion søndag 8. september. Einar representerer V.I.L og overrekker eit gavekort på 3000 kr. Det vart sagt at vi bør bruke anlegget sidan kommunen står som eigar.

## **Sak 7: Idrettsskulen**

Det var god deltaking på idrettsskulen i fjor, og idrettslaget ønskjer å vidareføre dette tilbodet i haust også.

Det blir oppstart av idrettsskulen etter haustferien. Idrettsskulen blir på onsdagar. Karianne har ansvaret for organiseringa av idrettsskulen i år også. Vi spør Marie Louise Hoel, Erika Melchior og Iver Matias Linge Glomnes om dei kan stille på som instruktørar.

## **Sak 8: Eventuelt**

- Det har vore problem med heimesida, men no er den oppe og går igjen.
- Det er eit søknadskurs i haust som nokon frå laget bør vere med på.
- Kunstgras: Det er ei nemnd som ser på det. Dei har sett på og drøfta andre alternativ enn Omenås. Vi må stille spørsmål om kva som er realistisk å få til. Det ligg nærmare både tidmessig og økonomisk å tenkje ei 7`ar bane på grusbana på Omenås.

## **Søknadsfrist: 1. oktober**